

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
081/19	Formannskapet	PS	20.11.2019
077/19	Heradsstyret	PS	27.11.2019

Saksbehandlar	ArkivsakID
Bente Skjerping	19/1265

Forskrift om godtgjersle for politiske verv for valperioden 2019 - 2023

Vedlegg:

Reglement for godtgjersle for politiske verv for valperioden 2019 - 2023

Øk.vilkår for folkevalgteA5tilWeb

Godtgjersle for politisk arbeid - endring/tillegg til vedteke reglement

Reglement for godtgjersle til folkevald for valperioden (L)(109928)

Reglementgodtgjerslefolkevalde

Forskriftgodtgjersle

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Forskrift om reglement for godtgjersle for politiske verv i Osterøy kommune for perioden 2019 – 2023 vert godkjend slik den ligg føre i vedlegg til saka, og gjort gjeldande frå vedtaksdato.»

Formannskapet - 081/19

FS - behandling:

Hjalti H. Gislason,H, gjorde slike framlegg om endringar:

1. Ordførargodtgjersle: "Ordføraren si godtgjersle vert fastsett til 90% av den til ei kvar tid gjeldande godtgjering for stortingsrepresentantar."

2. Allmenn halvering av godtgjersle: "All årleg godtgjersle og møtegodtgjersle i prosent av ordførargodtgjersle vert halvert. Til dømes vert ny fast årleg godtgjersle til varaordførar 4%, heradsstyret 0,75%, valstyret 0,05%, røystestyret 0,1% og så bortetter.

Del C i forskrifta «Tap av inntekt» og del E «Refusjon av utgifter til stedfortreder og omsorgsarbeid» er ikkje omfatta av denne endringa."

3. Fjerning av godtgjersle for telefonutgifter: "All godtgjersle for telefonutgifter vert fjerna og i staden omfatta av «Kompensasjon for bruk av eige datautstyr». Denne delen vert endra til:

KOMPENSASJON FOR BRUK AV EIGE UTSTYR

Heradsstyremedlemmer andre enn ordførar, og faste medlemmer i utval får kr 1000,- pr. år for bruk av eige utstyr. Dette inkluderer bruk av privat mobiltelefon, telefonutgifter, PC, brett, skrivar, papir og anna utstyr inkl. tilgang til internett."

4. Iverksetjing: "Nytt reglement skal gjelde frå og med 01.01.2020."

Ragnar Tyssebotn, FRP, gjorde slikt framlegg:

"Saka vert send til heradsstyret utan innstilling."

AVRØYSTING - endringsforslag

1. Ordførarargodtgjersle - samråystes tilrådd

2. Allmenn halvering av godtgjersle - tilrådd med 5 røyster (2SP, 2AP, 1H)

mot 3 røyster (2FRP, 1KRF)

3. Fjerning av godtgjersle for telefonutgifter - tilrådd med 7 røyster (2SP, 2AP, 1H, 1KRF, 1FRP)

mot 1 røyst (1FRP)

4. Iverksetjing frå 2020 - tilrådd med 7 røyster (2SP, 2AP, 1H, 1KRF, 1FRP)

mot 1 røyst (1FRP)

AVRØYSTING

Alternativ avrøyting

Rådmannen sitt framlegg med tilrådde endringar: - 5 røyster (2SP, 2AP, 1H)

Ragnar Tysseboten sitt framlegg:

- 3 røyster (2FRP, 1KRF)

FS - vedtak:

Formannskapet si innstilling til heradsstyret:

"**Forskrift om reglement for godtgjersle for politiske verv i Osterøy kommune for perioden 2019 – 2023** vert godkjend slik den ligg føre i vedlegg til saka, med slike endringar:

1. Ordførargodtgjersle: Ordføraren si godtgjersle vert fastsett til 90% av den til ei kvar tid gjeldande godtgjering for stortingsrepresentantar.

2. Allmenn halvering av godtgjersle: All årleg godtgjersle og møtegodtgjersle i prosent av ordførargodtgjersle vert halvert. Til dømes vert ny fast årleg godtgjersle til varaordførar 4%, heradsstyret 0,75%, valstyret 0,05%, røystestyret 0,1% og så bortetter.

Del C i forskrifta «Tap av inntekt» og del E «Refusjon av utgifter til stedfortreder og omsorgsarbeid» er ikkje omfatta av denne endringa.

3. Fjerning av godtgjersle for telefonutgifter: All godtgjersle for telefonutgifter vert fjerna og i staden omfatta av «Kompensasjon for bruk av eige datautstyr». Denne delen vert endra til:

KOMPENSASJON FOR BRUK AV EIGE UTSTYR

Heradsstyremedlemmer andre enn ordførar, og faste medlemmer i utval får kr 1000,- pr. år for bruk av eige utstyr. Dette inkluderer bruk av privat mobiltelefon, telefonutgifter, PC, brett, skrivar, papir og anna utstyr inkl. tilgang til internett.

4. Iverksetjing: Nytt reglement skal gjelde frå og med 01.01.2020."

Heradsstyret - 077/19

HS - behandling:

Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 19.05 - kl. 19.25 med gruppemøte for FRP.

Jarle Skeidsvoll, KRF, gjorde slikt framlegg om endring i h.t. formannskapet si innstilling: "Allmenn reduksjon av godtgjersle: All årleg godtgjersle og møtegodtgjersle i prosent av GODTGJERING FOR STORTINGSREPRESENTANTAR vert redusert med 25%. Del C i forskrifta «Tap av inntekt» og del E «Refusjon av utgifter til stedfortreder og omsorgsarbeid» er ikkje omfatta av denne endringa."

Kim Andre Hartveit, FRP, gjorde slikt framlegg: "Møtegodtgjersle for plan- og kommunalteknisk utval, formannskapet og heradsstyret vert sett til kr 0. Støttar SP sitt framlegg om 10% reduksjon av løn. Alle møte vert sett til kl. 18.00 for å spara etterbetaling av løn."

Rådmannen gjorde merksam på at kommunelova fastsett at den som har eit kommunalt tillitsverv har krav på godtgjering for arbeidet.

Kim Andre Hartveit, FRP, trekte sitt framlegg og gjorde slikt endra framlegg: "Møtegodtgjersle for plan- og kommunalteknisk utval, formannskapet og heradsstyret vert sett til 0,1% av ordførargodtgjersla. Støttar SP med 10% reduksjon av løn. Alle møte vert sett til kl. 18.00 for å spara etterbetaling av løn."

Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 19.40 - kl. 19.45 med gruppemøte for FRP.

AVRØYSTING

Alternativ avrøysting

Formannskapet sitt framlegg	-	19 røyster (5SP,3H,4AP,2SV,1MDG,1V,3KRF)
FRP sitt framlegg	-	7 røyster (7FRP)
Alternativ avrøysting		
Formannskapet sitt framlegg	-	23 røyster (5SP,3H,4AP,2SV,1MDG,1V,7FRP)

Jarle Skeidsvoll sitt framlegg

- 3 røyster (3KRF)

AVRØYSTING - endeleg

Formannskapet sitt framlegg vart vedteke med 25 røyster (5SP,3H,4AP,2SV,1MDG,1V,7FRP,2KRF) mot 1 røyst (1KRF)

HS - vedtak:

"Forskrift om reglement for godtgjersle for politiske verv i Osterøy kommune for perioden 2019 – 2023 vert godkjend slik den ligg føre i vedlegg til saka, med slike endringar:

1. Ordførargodtgjersle: Ordføraren si godtgjersle vert fastsett til 90% av den til ei kvar tid gjeldande godtgjering for stortingsrepresentantar.

2. Allmenn halvering av godtgjersle: All årleg godtgjersle og møtegodtgjersle i prosent av ordførargodtgjersle vert halvert. Til dømes vert ny fast årleg godtgjersle til varaordførar 4%, heradsstyret 0,75%, valstyret 0,05%, røystestyret 0,1% og så bortetter.

Del C i forskrifta «Tap av inntekt» og del E «Refusjon av utgifter til stedfortreder og omsorgsarbeid» er ikkje omfatta av denne endringa.

3. Fjerning av godtgjersle for telefonutgifter: All godtgjersle for telefonutgifter vert fjerna og i staden omfatta av «Kompensasjon for bruk av eige datautstyr». Denne delen vert endra til:

KOMPENSASJON FOR BRUK AV EIGE UTSTYR

Heradsstyremedlemmer andre enn ordførar, og faste medlemmer i utval får kr 1000,- pr. år for bruk av eige utstyr. Dette inkluderer bruk av privat mobiltelefon, telefonutgifter, PC, brett, skrivar, papir og anna utstyr inkl. tilgang til internett.

4. Iverksetjing: Nytt reglement skal gjelde frå og med 01.01.2020."

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Heradsstyret handsama reglement for godtgjersle til folkevalde i møtet 19.06.19, sak 045.

Reglementet må og handsamast og godkjennast av det nye heradsstyret.

I ny kommunelov er det krav om at heradsstyret skal vedta ei forskrift for godtgjersle og rett til permisjon for folkevalde som har vervet som hovudyrke.

Reglementet for godtgjersle er basert på KS sin rettleiar for økonomiske vilkår for folkevalde.

Ordføraren si godtgjersle er fastsett i forhold til løn for stortingsrepresentantar og vert justert årleg. Møtegodtgjersle og godtgjersle for andre politikarar er fastsett som ein viss prosent av ordførargodtgjersla.

Det er og fastsett satsar for dekning av utgifter til mobiltelefon, bruk av eigen PC m.v.

Dekking av fasttelefonabonnement for ordføraren er teke ut av reglementet, då utbygging av breiband gjer at fasttelefon ikkje lenger er aktuelt.

Saka vart handsama i heradsstyret i møtet 19.06.19, sjå utskrift av H-sak 045/19 med vedlegg som ligg ved.

Ny kommunelov § 8 omhandlar rettar og plikter for folkevalde. I § 8-4 er det fastsett at folkevalde har krav på godtgjersle for arbeidet, og at kommunestyret skal gi forskrift om dette.

Forskrift

Forvaltningslova kap. VII omhandlar utarbeiding og handsaming av forskrift. Her framgår det at førehandsvarsling kan unnlatast dersom ein finn det «åpenbart unødvendig». Rådmannen finn at denne forskrifa berre vedrører folkevalde i Osterøy kommune, og dei vil få gi sitt syn gjennom den politiske handsaminga, og ein ser difor kravet til førehandsvarsling som ivareteke.

Etter godkjenning skal forskrifta kunngjera i Norsk Lovtidend.

Utkast til forskrift basert på gjeldande reglement ligg ved til handsaming.

Vurdering

Reglementet er i tråd med KS sine tilrådingar, og vart tilrådd av forrige heradsstyre. Nytt heradsstyre

står likevel fritt til å vedta endringar, presiseringar eller tillegg i reglementet, så lenge desse er i tråd med ny kommunelov.

Rådmannen har ikkje gjort endringar i vedtekne satsar for godtgjersle, sjølv om det har kome politiske signal om at dette kan bli aktuelt i budsjettet for 2020.

Folkehelse – ikkje vurdert i saka

Miljø – ikkje vurdert i saka

Økonomi – i budsjettet for 2020 er det lagt inn vanleg lønsvekst.

Konklusjon

Saka vert lagt fram til handsaming og tilråding til heradsstyret.